

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Førde HF  
Dato: 10.12.2019  
Sakhandsamar: **Øystein Helleseth**  
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per november 2019**

**Arkivsak**

2018/552

**Styresak 101/2019**

**Styremøte 16.12.2019**

---

## Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per november 2019 til vitende.

## Administrerende direktør si vurdering

Helse Førde fekk eit overskot på 3,6 millionar kroner i november. Dette er 0,6 millionar betre enn budsjett. Inntektene var 2 millionar høgare enn budsjett, driftskostnadane var 1,8 høgare enn budsjett og finans bidrog positivt med 0,4 millionar. Resultatet frå sjølve drifta var bak budsjett i perioden. Bakgrunnen for positivt resultat var auka basisramme frå Helse Vest på 2,5 millionar.

Inntektene frå pasientbehandling var 1,4 millionar dårlegare enn budsjett. Aktiviteten i perioden var lågare enn budsjett for dei somatiske avdelingane, men høgare innanfor Psykisk helsevern. Målt i DRG-poeng var aktiviteten i dei somatiske klinikkane 84 poeng lågare enn plan. Største avviket var i Medisinsk klinikk i forhold til DRG poeng, men sett i forhold til tal pasientar var aktiviteten høgare enn budsjett. Det same viser aktiviteten ved dei klinisk kjemiske laboratoria i Førde, Lærdal og Eid kor ein har installert nye hovudanalysemaskiner i oktober. Basert på ovannemnde har administrerende direktør bedt DRG kodarane undersøkje serskild om det er manglar knytt til koding for november.

På kostnadssida var det eit mindreforbruk på 3,6 millionar knytt til kjøp av helsetenester. Psykisk helsevern og gjestepasientar hadde samla eit mindreforbruk på 3,5 millionar og i andre driftskostnader var det eit mindreforbruk på IKT kostnadane på 1 million. I forhold til budsjett må igjen administrerende direktør påpeike at det personalkostnader som er den store utfordringa til Helse Førde. I november var det eit meirforbruk på 5,3 millionar. Justert for periodeuavhengige kostnader var meirforbruket 4,1 millionar. Meirforbruket er i dei somatiske klinikkane. Administrerende direktør vurderer at budsjettet for 2019 har vore for stramt og ser at sjølv om ein har lykkast med fleire tiltak, så har det gjeve overskridingar på andre område. I november hadde Medisinsk klinikk 1,1 million i meirforbruk knytt til innleie frå firma, samtidig var sum variabel og fastlønn likevel lågare enn tidlegare periodar. Administrerende direktør må saman med klinikkdirektørane fortsetje fokuset på tiltak knytt til personalkostnader. Arbeidet med tiltak vert like viktig i 2020 som i inneverande år.

Til no i år er føretaket 4,5 millionar bak budsjett. Administrerende direktør vurderer at eit resultatkrav på 36 millionar fortsatt er mogleg sjølv om tida ein har til rådvelde for å nå målet vert mindre og mindre. Føretaket har enda ikkje mottatt avrekninga på ISF inntekta for 2018 og i tillegg er det andre forhold som vil kunne påverke resultatet for 2019.

Innanfor fag meiner administrerende direktør at føretaket har fortsatt den gode utviklinga i høve ventetid. Dette gjeld både ventande og pasientar behandla i perioden. Administrerende direktør erkjenner likevel at vi framleis innan einskilde fagområde fortsatt har utfordringar med kapasitet som vi ikkje har greidd å løyse.

Fleirtalet av dei polikliniske fagområda når måla som er sett om ventetider og 0 (null) fristbrot.

Trass at tal fristbrot no er lågare enn tidlegare i år, vil vi uendra halde fokus på denne utfordringa. Administrerende direktør opprettheld difor tiltaket om at kirurgisk og medisinsk klinikk føretek særskilte gjennomgangar og rapporterer tilbake på status. Bestillinga er dels å sjå på fristbrot-tilfella og vurdere desse, men viktigast er å gå gjennom i høve potensielle fristbrot framover og rapportere på kva tiltak ein arbeider med for å unngå så mange som råd.

I slutten av november publiserte Helsedirektoratet nasjonale kvalitetsindikatorar for andre tertial 2019. Administrerende direktør registrerer at Helse Førde også denne gangen kjem ut med svært gode resultat for mange kvalitetsindikatorar. Særleg gjeld dette innan psykisk helsevern. Dette syner at det vert jobba godt ute i einingane i føretaket.

Innan HMS er det ei positiv utvikling for sjukefråværet. Samla sjukefråvær i Helse Førde i oktober vart 5,9 prosent som er 0,2 prosentpoeng lågare enn september, men 0,6 prosentpoeng høgare enn same periode i fjor. Administrerende direktør registrer ei positiv utvikling innan Medisinsk klinikk og låge tal i kirurgisk klinikk. Psykisk helsevern har eit sjukefråvær på 7,4 %, som er høgare enn ynskja. Fråveret har og auka i stabsområdet samanlikna med førre månad. Administrerende direktør har ikkje mottatt opplysingar gjennom KAMU og HMS-utvala som tilseier at det førebels er naudsynt med ekstraordinære tiltak.

## **FAG**

### **Ventetid for ventande ved periodeslutt**

Gjeld ventetid for nyttilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var 45 dagar ved utgongen av november (46 i oktober). Ventetida er tre dagar mindre enn den var i november 2018.

### **Ventetid - Helsehjelp starta i perioden – måltall 50 dagar**

Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som fekk starta behandling i november var 59 dagar (57 dagar i oktober). Det er tre dagar mindre enn dei som vart behandla i november 2018.

### **Fristbrot samla (ventande/starta behandling) – måltall 0 prosent**

Førebels totalt 21 fristbrot svarande til 0 prosent av alle ventande (27 i oktober).

Det var 16 nye fristbot svarande til 0,8 prosent av alle med frist i perioden (1,3 prosent i oktober).

Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,8 prosent.

### **Direkte timetildeling – måltall 100 prosent (ingen tentative timer)**

Førebels 86 prosent for første time (87 prosent i oktober). Gjennomsnitt for Helse Vest er 85 prosent.

68 prosent fikk oppfølgingstime innen 24 timer (65 prosent i oktober). Gjennomsnitt for oppfølgingstime i Helse Vest er 67 prosent.

### **Andel ikkje møtt**

Stabilt lavt med 1,5 prosent (1,8 prosent i oktober). Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,6 prosent.

### **Epikrisetider**

Innan 1 dag: somatikk 75 prosent i november og hittil i år 75 prosent (74 prosent i 2018). Psykisk

helsevern 28 prosent i november og hittil i år 33 prosent (32 prosent i 2018)

Innan 7 dagar: somatikk 92 prosent i november og hittil i år 92 prosent (92 prosent i 2018). Psykisk

helsevern 85 prosent i november og hittil i år 89 prosent (94 prosent i 2018).

### **Korridorpasientar**

Stabilt lågt med 15 korridorpasientar, svarande til 0,2 prosent (0,1 prosent i oktober). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,2 prosent.

### **Utskrivingsklare pasientar**

Stabilt lågt med 19 døgn i november (12 Vågsøy, 5 Eid og 1 Flora), svarande til 0,3 prosent av alle liggedøgn (0,9 prosent i snitt i 2018). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,4 prosent.

### **Stryking av planlagde operasjonar**

Det var 25 strykingar av totalt 586 planlagde operasjonar svarande til 4,3 prosent (2,5 prosent i oktober). Gjennomsnitt for 2018 var 2,7 prosent.

## AKTIVITET

### Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 720	1 793	-73	1 796	-76	18 616	18 904	-288	18 581	35
DRG-poeng poliklinikk, A	492	478	14	461	31	4 857	4 717	140	4 559	298
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	105	137	-32	132	-27	1 596	1 879	-283	1 676	-80
DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)	44	37	6	33	10	520	452	67	432	88
<b>SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)</b>	<b>2 360</b>	<b>2 445</b>	<b>-84</b>	<b>2 422</b>	<b>-62</b>	<b>25 588</b>	<b>25 951</b>	<b>-363</b>	<b>25 247</b>	<b>341</b>
DRG-poeng behandla andre regionar	171	174	-3	151	20	1 796	1 675	121	1 686	110
<b>Sum DRG-poeng egne pasientar</b>	<b>2 488</b>	<b>2 582</b>	<b>-94</b>	<b>2 540</b>	<b>-52</b>	<b>26 865</b>	<b>27 174</b>	<b>-309</b>	<b>26 502</b>	<b>363</b>
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 272	1 213	59	1 284	-12	13 218	12 753	465	12 721	497
Tal sjukehusopphald	1 491	1 622	-131	1 613	-122	16 641	17 245	-604	17 084	-443
Tal polikliniske konsultasjonar	10 972	11 642	-670	11 397	-425	117 177	114 339	2 838	112 788	4 389

### Perioden

Aktiviteten i perioden var 5,1 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar og 3,9 prosent lågare enn førre året. Samla DRG-produksjon i føretaket var 3,5 prosent lågare enn budsjett (-84 poeng) og 2,6 prosent lågare enn førre året (-62 poeng).

### Til no i år

Akkumulert er aktiviteten 1,9 prosent betre enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar og 3,1 prosent høgare enn fjoråret. I forhold til DRG-produksjon er aktiviteten 1,4 prosent lågare enn budsjett (-363 poeng), men 1,4 prosent høgare enn fjoråret (+341 poeng).

### Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
<b>Psykisk helsevern vaksne</b>										
Tal heildøgnsopphald	1 694	1 578	116	1 587	107	17 375	16 465	910	16 022	1 353
Tal utskrivne pasientar	95	87	8	87	8	994	958	36	938	56
Poliklinisk dagbehandling	23	28	-5	32	-9	246	275	-29	332	-86
Polikliniske kons. m/refusjon	2 515	2 433	82	2 274	241	23 565	24 204	-639	22 927	638
<b>Rus</b>										
Tal heildøgnsopphald	509	660	-151	600	-91	6 431	6 890	-459	6 855	-424
Tal utskrivne pasientar	18	20	-2	18	0	219	215	4	225	-6
Polikliniske kons. m/refusjon	259	293	-34	259	0	2 551	2 916	-365	2 954	-403
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>										
Tal heildøgnsopphald UPH	168	109	59	123	45	1 261	1 091	170	1 062	199
Tal utskrivne pasientar UPH	8	7	1	9	-1	61	73	-12	67	-6
Polikliniske kons. m/refusjon	1 552	1 761	-209	1 650	-98	15 762	16 306	-544	15 409	353

#### Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)

Aktiviteten innan PHV i perioden har vore høg. Han er høgare enn både budsjett og same periode i fjor. Beleggsprosenten på DPS'a er 93 % i snitt. Akuttposten hadde 85 % belegg i perioden. Også akkumulert er aktiviteten høgare enn fjoråret


Innanfor rus har vi lågare aktivitet enn plan, også litt lågare enn november i fjor. Akkumulert ligg vi ein del bak både budsjett og fjoråret. Gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane er 87 % i perioden.

#### Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten er lågare enn budsjett for perioden, også litt lågare enn same periode i fjor. 96 % belegg ved UPH i perioden. Akkumulert er aktiviteten høgare enn fjoråret.

## Beleggsprosent

Rapporteringa viser tal pasientar i seng klokka 07.00 målt mot tal fysiske senger.



Beleggsprosenten i perioden er 93 % i snitt på DPS'ane, og 87 % på ruspostane. UPH hadde eit belegg på 93 % i perioden. Akuttposten hadde eit belegg på 85 %.

## ØKONOMI

Helse Førde	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	177 107	174 607	2 500	1 780 469	1 777 969	2 500
Inntekter pasientbehandling	64 169	65 570	-1 401	684 620	689 021	-4 400
Øyremerka tilskot	2 934	2 711	222	28 550	29 824	-1 275
Andre driftsinntekter / Eigendelar	14 303	13 558	745	154 421	146 902	7 519
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>258 512</b>	<b>256 447</b>	<b>2 066</b>	<b>2 648 060</b>	<b>2 643 716</b>	<b>4 344</b>
Kjøp helsetenester	-19 159	-22 758	3 599	-148 837	-153 580	4 743
Varekostnad	-26 611	-25 442	-1 169	-266 333	-271 505	5 172
Innleige personell	-2 787	-1 250	-1 537	-26 795	-18 821	-7 974
Personalkostnader	-142 501	-138 701	-3 800	-1 488 322	-1 465 887	-22 435
Pensjonskostnad	-20 987	-20 982	-5	-228 923	-228 918	-5
Ordinære avskrivningar	-6 550	-6 333	-216	-69 105	-69 667	562
Andre driftskostnader	-36 571	-37 866	1 294	-393 475	-400 852	7 376
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>-255 167</b>	<b>-253 332</b>	<b>-1 835</b>	<b>-2 621 791</b>	<b>-2 609 230</b>	<b>-12 561</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>3 345</b>	<b>3 114</b>	<b>231</b>	<b>26 268</b>	<b>34 485</b>	<b>-8 217</b>
Finansinntekter	543	117	426	5 218	1 283	3 934
Finanskostnader	-319	-231	-88	-2 969	-2 769	-200
<b>Finansresultat</b>	<b>224</b>	<b>-115</b>	<b>338</b>	<b>2 249</b>	<b>-1 486</b>	<b>3 734</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>3 569</b>	<b>3 000</b>	<b>569</b>	<b>28 517</b>	<b>33 000</b>	<b>-4 483</b>

### Perioden

Resultatet i perioden er eit overskot på 3,6 millionar kroner, som er 0,6 millionar betre enn budsjett.

Inntektene er 2,1 millionar høgare enn budsjett. Helse Vest har vedtatt å styrkje basisramma til føretaka og for Helse Førde medførte dette ein auke på 2,5 millionar. Inntekter knytt til pasientbehandling er 1,4 millionar lågare enn budsjett noko som heng saman med lågare aktivitet enn budsjettet. Øyremerka tilskot er i hovudsak knytt til prosjektmidlar. Dette vil svinge i takt med framdrifta på prosjekta. Når det gjeld andre driftsinntekter består dette i hovudsak av eigenandelar, refusjonar frå Helfo og andre driftsinntekter. Meirinntektene er i hovudsak knytt til refusjonar frå Helfo.

Sum driftskostnader i perioden var 1,8 millionar høgare enn budsjett. Det var eit mindreforbruk til kjøp av helsetenester og andre driftskostnader, medan det var eit meirforbruk på varekostnad og personalkostnader.

Når det gjeld kjøp av helsetenester har det i perioden vore eit mindreforbruk innanfor PHV på 1,5 millionar og gjestepasientar på 2 millionar. Andre driftskostnader har eit mindreforbruk på 1,3 millionar. Pasienttransport bidrar positivt med 0,8 millionar og IKT kostnader med 1 millionar.

Varekostnad var det eit meirforbruk på 1,2 millionar i perioden. H-resept hadde i perioden eit mindreforbruk på 0,8 millionar medan det var 1,4 millionar i meirkostnader på kostbare medikament inne på sjukehuset. Dette er innanfor fagområda kreft og nevrologi.

Personalkostnader har eit meirforbruk på 5,3 millionar. Dette inkluderer 0,5 millionar knytt til korrigering av tidlegare inntektsførte krav i samband med sjukefråvær. Meirforbruket er i hovudsak knytt til somatiske klinikkane. Innanfor medisinsk klinikk er perioden påverka av 1,1 million i meirkostnad på innleie av legespesialistar frå firma og 0,3 millionar knytt til rekrutteringskostnader. For Kirurgisk klinikk er meirforbruket påverka av etterbetaling på 0,4 millionar som følgje av feil i vaktløn.

### Akkumulert

Akkumulert resultat er 28,5 millionar, som er 4,5 millionar dårlegare enn budsjett. Inntekter er 4,3 millionar høgare enn budsjett, medan driftskostnader er 12,6 millionar høgare enn budsjett. Finansresultat bidreg positivt med 3,7 millionar.

Varekostnaden er 5,2 millionar lågare enn budsjett. Av dette utgjør H-resept 14,2 millionar. I forhold til resultat, og då avvik mot budsjett, bidreg H-resept positivt med 8,7 millionar. Personalkostnad og innleige har eit meirforbruk samanlikna med budsjett på 30,4 millionar.


I andre driftskostnader er det eit mindreforbruk på 7,4 millionar. Pasienttransport har eit positivt avvik mot budsjett på 11,8 millionar. Resultateffekten for pasientreiser er positiv med 13,2 millionar på grunn av litt høgare inntekter enn budsjettet.

### Likviditet

Per utgangen av november 2019 hadde Helse Førde ein positiv likviditet på 262,2 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 185,5 millionar kroner som ikkje vert nytta.


## MEDARBEIDARAR

### Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i oktober 5,9 prosent. Det er 0,6 prosentpoeng høgare enn same månad i fjor, men 0,2 prosentpoeng lågare enn førre månad.

## Månadsverk




Brutto månadsverk i perioden var 2291. Dette var 65 fleire enn same periode i 2018.  
 Netto månadsverk i august var 2143. Dette var 65 fleire enn same periode i 2018.

Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betaler løn for (inklusive betalte permisjonar).  
 Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.


## Synergi

Melde saker i perioden januar til oktober 2019 samanlikna med same tidsrom i 2018, fordelt på sakstypar:



Totalt melde saker er 2296 mot 2222 førre år.

Tal saker med og utan konsekvens for gruppene pasientsaker, HMS-, drift- og IKT-saker:



Samla var det per oktober i 2019 meldt 7,2 prosent fleire saker enn same periode i 2018. Delen melde saker med konsekvens er 15,1 prosent. Dette er ein nedgang frå 2018 då andelen var 17,7 prosent. 129 saker er ikkje ferdig kategoriserte av leiarar i forhold til om sakene er med eller utan konsekvens.

Pasientrelaterte saker melde fordelt på type hending:

Tal hendingar	Januar – Oktober 2018		Januar – oktober 2019	
	Utan konsekvens	Med konsekvens	Utan konsekvens	Med konsekvens
Pasientadministrasjon	81	7	67	3
Diagnostikk/utredning	39	13	25	6
Behandling og pleie	80	26	79	11
Fall og uhell	54	23	78	28
Dokumentasjon/infor.	47	5	44	0
Infeksjon	0	0	0	2
Legemiddel og blod	96	11	71	11
Medisinsk utstyr	7	1	2	2
Pasientadferd	31	10	24	8

Oversikta viser pasienthendingar melde i Synergi. Tabellen inkluderer ikkje hendingar som ikkje er kategoriserte.


Hendingar med konsekvens betyr at pasienten er skadelidande på ein eller annan måte. Hendingar utan konsekvens var hendingar som ikkje hadde konsekvens for pasienten, men avviket har potensiale for å påføre konsekvensar. Inndelinga i emne skjer etter ei nasjonal klassifisering.



## Trygg kirurgi

Sjekklista for trygg kirurgi er implementert og i bruk i Helse Førde. Utviklinga syner stabil registrert bruk av sjekklista på nær opp til 100 prosent.


TryggKirurgi




## Trygg pleie

Tiltakspakken trygg pleie registrerer gjennomført screening av pasientar for å avdekke risiko for fall, trykksår og ernæring. Figurane viser utvikling for dei seks siste månadene. Til høgre i figurane er avdelingane sortert i rekkjefølgje etter oppnådd prosent.


Målet er at 90 prosent av pasientane skal screenast. Førretaket har ikkje klart å oppfylle målsetjinga for nokon av områda fall, trykksår og ernæring.



Snittet for Helse Førde er 75,1 prosent mot 73,2 prosent i oktober.




Snittet for Helse Førde er 69,4 prosent mot 67,7 prosent i oktober.




Snittet for Helse Førde er 60,1 prosent mot 58,3 prosent i oktober

## Oppfølging sepsis i akuttmottak



Pasientar med mistenkt infeksjon blir triagert innan målet på ti minutt etter at dei har kome i akuttmottak. Vi er innanfor tidsgrensa i forhold til både mediantid og gjennomsnittleg tid.



Pasientar som fyller to eller fleire kriterium i QSOFA (quick Sepsis related organ failure Assesment), og som får antibiotikabehandling innan ein time. Vi er innanfor tidsgrensa i forhold til både mediantid og gjennomsnittleg tid.